

Strategi for tildeling av midlar til jord- og skogbrukstiltak 2026 - 2030



Spesielle miljøtiltak i jordbruket (SMIL)
Tiltak i beiteområde (TIB)
Nærings- og miljøtiltak i skogbruket (NMSK)

Stad kommune



Vedteken i kommunestyret 23.10.2025

Innhald

1	Innleiing	3
1.1	Delegert mynde.....	3
1.2	Satsar for eige arbeid	4
1.3	Dokumentasjon	4
2	Spesielle miljøtiltak i jordbruket (SMIL).....	4
2.1	Bakgrunn	4
2.2	Kva kan det søkjast om.....	5
2.3	Kven kan søkje og korleis	5
2.4	Satsar	6
2.5	Utbetaling og dokumentasjon.....	6
2.6	Tilskotsbehov i perioden	6
3	Tiltak i beiteområde (TIB).....	7
3.1	Bakgrunn	7
3.2	Kven kan søkje og korleis	7
3.3	Kva kan det søkjast på	7
3.4	Satsar	8
3.5	Utbetaling	8
3.6	Tilskotsbehov i perioden	8
4	Nærings- og miljøtiltak i skogbruket (NMSK)	8
4.1	Bakgrunn	8
4.2	Kven kan søkje og korleis	9
4.3	Kva kan det søkjast på	9
4.3.1	Skogkultur	9
4.3.2	Skogsveg	10
4.3.3	Taubane	12
4.3.4	Miljøtilskot	13
4.4	Utbetaling.....	13
4.5	Skogfond	13

1 Innleiing

Landbruket bidreg med langt meir til samfunnet enn mat og trevirke. Viktige fellesgode frå landbruket er produksjon av sikker mat/matforsyning, bidrag til busetjing og næringsliv over heile landet, miljøgode som bevaring av reint vatn, biologisk mangfald, kulturlandskap, samt skogen og jorda sin funksjon som karbonlager. Landbruket er også viktig for å vidareføre tradisjonell kunnskap og kultur. Fleire av desse godane er unike for landbruket, og produksjonen skjer samstundes med, og på grunn av, landbruksdrifta. Landbruks- og matpolitikken vert utforma slik at næringa framleis skal levere fellesgode til nytte for heile samfunnet.

Kommunen får tildelt midlar til dei ulike tilskotsordningane årleg frå Statsforvaltaren i Vestland.

Strategien styrer prioriteringar og tildelingar gjennom perioden strategien er gjeldande for. Til grunn for vedtaka om tildeling av midlar ligg lover og forskrifter knytt til den einskilde ordning i lag med sektorovergripande lovverk som naturmangfaldslova, kulturminnelova og EU sitt vassrammedirektiv.

Arbeidet med strategiplanen er utført av landbrukskontoret i Gloppen og Stad. Til grunn for arbeidet ligg gjeldande jord- og skogbrukslovverk med tilhøyrande forskrifter og nasjonale og regionale forventningar. I tillegg kjem kommunen sine eigne planar som til dømes klimaplanen. Strategien har blitt utforma på bakgrunn av ein høringsprosess og i dialog med faglaga i kommunen.

Kommunen sin bruk av tilskotsmidlane til den einskilde ordning skal rapporterast til Statsforvaltaren i Vestland innan 1. november kvart år.

Føringane for tilskotsmidlane kan verte endra i planperioden på bakgrunn av endringar frå Statsforvaltaren i årleg forventingsbrev.

1.1 Delegert mynde

Følgjande mynde er delegert til Samfunnsutvalet:

- Å gjere naudsynte justeringar i strategien i løpet av den perioden strategien er gjeldande.

Følgjande mynde er delegert til vertskommunesamarbeidet og landbrukskontoret for Gloppen og Stad:

- Tildeling av tilskot i einskildsaker som er i samsvar med vedteken strategiplan.
- Omfordeling av SMIL-midlar.
- Omfordeling av midlar til Tiltak i beiteområde.

1.2 Satsar for eige arbeid

Alle tilskotsordningane har felles sats for utrekning av eige arbeid i tiltaka. Kommunen nyttar Statsforvaltaren sine satsar for prising på eige arbeid og satsane vert oppdatert i tråd med endringar i desse.

Per 01.01.2025 er desse satsane gjeldande:

- Manuelt arbeid m/motorsag/ryddesag/anna kr 350,-/time.
- Bruk av eigen traktor/gravemaskin kr 800 ,-/time.

For særskilte satsar knytt til den einskilte ordning, sjå under ordninga.

1.3 Dokumentasjon

Før utbetaling av tilskot kan skje, må tiltaket dokumenterast.

Søkjar må legge ved dokumenterte kostnader i form av kopi av faktura for innkjøpt materiell, faktura for innleigd arbeidskraft eller timeliste der søker sjølv har stått for arbeidet. Det må også sendast inn biletdokumentasjon av gjennomført tiltak. Sjå særskilte dokumentasjonskrav under kvar ordning.

2 Spesielle miljøtiltak i jordbruket (SMIL)

2.1 Bakgrunn

Formålet med tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket er å fremje natur- og kulturminneverdiane i jordbrukets kulturlandskap og å redusere forureininga frå jordbruket, ut over det som er venta gjennom vanlig jordbruksdrift. Målsettinga er å vedlikehalde og vidareutvikle det særmerkte og varierte kulturlandskapet mellom fjord og fjell/bre i Stad og fremje driftsmåtar i jordbruket som tek i vare viktige miljø- og kulturverdiar. Midlane skal styrke gardane sitt næringsgrunnlag som eit bidrag til å skape livskraftige bygder og velhaldne kulturlandskap.

Kommunen har vedtaksmynde i forvaltning av tilskot til Spesielle miljøtiltak i jordbruket (SMIL). Det faglege og administrative handlingsrommet er fastsett i [Forskrift om tilskudd til spesielle miljøtiltak i jordbruket \(FOR-2004-02-04-448\)](#).

Utfordringar:

- Høvelege rammevilkår for eit aktivt landbruk tufta på berekraftig drift.
- Vasskvalitet.
- Jordvern.
- Attgroing av viktig kulturmark og areal med høgt biologisk mangfald.
- Forfall av verneverdige bygningsmassar og kulturminne.
- Tap av stiar og ferdselsveggar i kulturlandskapet.
- Erosjon og ureining frå landbruksareal.

2.2 Kva kan det søkjast om

- Planlegging og tilrettelegging for tiltak:
Til dømes planlegging av eit miljøtiltak i eit vassdrag, i ei grend eller område.
Det kan løyvast eingongstilskot med inntil 100 % av godkjent kostnadsoverslag ved planlegging, organisering og prosjektarbeid i SMIL-ordninga.
- Tiltak for å fremje natur- og kulturminneverdiane gjennom rydda stiar, turvegar og merking av løyper på areal med særskilde verdiar.
- Tiltak for oppretthalde og forbetre miljøkvalitetane i jord, luft og vatn ved å avgrense og førebygge ureining frå landbruket.
- Tak over gjødsellager.
- Tiltak for å oppretthalde miljøkvalitetane i kulturlandskapet ved å ta vare på kulturminne og det biologiske mangfaldet.
- Tiltak for å ta vare på kulturminne gjennom sikring/vedlikehald og røkt av kulturmiljø ved slått, tilrettelegging for beiting og istandsetjing av eldre gardsmiljø m.m.
- Tiltak som omhandlar rydding/restaurering av gamal kulturmark (beiter/slåttemark og liknande) som er truga av attgroing.

Lista er ikkje i prioritert rekkefølge og andre tiltak som er nemnt i forskrifta er søkjegode på ordninga. Tiltak for å redusere ureining til vatn og vassdrag er prioritert saman med tiltak for ville pollinerande insekt og truga natur.

2.3 Kven kan søkje og korleis

Søklar/føretak må oppfylle vilkår i [forskrift om produksjonstilskudd og avløsertilskudd i jordbruket \(FOR-2014-12-19-1817\)](#) (heretter kalla PT-forskrifta) §§ 2, 3 eller 4. På leigejord må det føreligge løyve frå eigar.

Eigarar av landbrukseigedomar kan også søkje dersom det går føre seg produksjon på landbrukseigedomene som stettar krava i PT-forskrifta. Utover dette er det til ei kvar tid dei gjeldande forskrifter som definerer kven som kan søkje på ordningane.

Søknad om midlar skal gjerast [digitalt i Agros i Altinn](#).

- Søknaden skal innehalde omtale av tiltaket med spesifisert kostnadsoverslag.
- Tiltaket skal visast på kart i høveleg målestokk.
- For bygningsprosjekt skal det fylgje med målsette teikningar.
- Det skal fylgje med foto av tiltaket/området, før iverksetting.

Tiltaka skal ikkje vere starta før søknaden er handsama.

Søknadsfrist: 1. mars.

Dersom det er ledige midlar etter at rettidig innkomne søknader er handsama, vert det sett ny frist for søknader 1. september. Søknader som ikkje kan prioriterast inneverande år blir avslege og må ev. levere ny søknad påfølgjande år.

2.4 Satsar

SMIL	Tilskotsprosent , inntil	Inntil kroner
Planleggings- og tilretteleggingstiltak		
Planlegging av miljøtiltak	100	
Planlegging av hydrotekniske tiltak	100	
Kulturlandskapstiltak og tiltak mot ureining		
Tilstandsrapport gjødsellager	40	5 000/tiltak
Utbetring gjødselport/luker m.v.	40	30 000/tiltak
Utbetring silo-/pressaftanlegg	40	30 000/tiltak
Mindre utbetring husdyrgjødsellager	40	60 000/tiltak
Tilrettelegging rundballelager	40	50 000/tiltak
Vedlikehald fangdam/reinsedam	40	20 000/tiltak
Tak over gjødsellager	50	130 000/tiltak
Tiltak for å oppretthalde miljøkvalitetar i kulturlandskapet	50	
Rydding/restaurering av kulturmark(beiter/slåttemark) og kulturminne med særleg verdi	50	1500/daa

- For nedtaking og oppsetting av gjerde vert det nytta faste kostnadssatsar, for å få ei likebehandling av søknadane. Beløpa inkluderer materiell og eige arbeid, og det kan innvilgast tilskot til inntil 50 % av kostnadane. For 2026-2030 gjeld følgande satsar:
 - Oppsetting av nye gjerder: 160 kr/meter
 - Nedtaking av gamle gjerder: 60 kr/meter
 - Fjerning av piggtråd: 15 kr/meter
- For rydding av kulturmark kan fast kostnadssats differensierast opptil kr 3000/daa etter vurdert arbeidsmengde.

Tilskotsprosenten kan likevel aukast i særlege høve.

2.5 Utbetaling og dokumentasjon

Før sluttutbetaling av løyvd tilskot krev kommunen skriftleg oppmoding om utbetaling av tilskotet.

Det skal leggst ved rekneskapsoversyn over medgått timetal, forbruk av materialar og fotodokumentasjon av ferdig tiltak.

2.6 Tilskotsbehov i perioden

Dei siste åra har råma variert frå kr 500 000 til 700 000,- og saman med inndregne midlar er det tildelt mellom kr 500 000 til 850 000. Tildelte midlar fordeler seg mest til kulturlandskapstiltak og i mindre grad til ureiningsføremål. Kommunen prioriterer tiltak som hindrar ureining. Minimumsråma til kvar kommune bør vere på - kr 800 000,-.

3 Tiltak i beiteområde (TIB)

3.1 Bakgrunn

Formålet med tilskotet er å legge til rette for best mogleg utnytting av beite i utmark, redusere tap av dyr på utmarksbeite og fremje fellestiltak i beiteområda. Kommunen har vedtaksmynde i forvaltning av tilskot til tiltak i beiteområde. Det faglege og administrative handlingsrommet er fastsett i [Forskrift om tilskudd til tiltak i beiteområder \(FOR-2013-02-04-206\)](#).

3.2 Kven kan søkje og korleis

Beitelag, grunneigarlag, radiobjøllelag m.fl. som er registrert i einingsregisteret, som driv næringsmessig beitedrift som set i gong investeringstiltak og/eller planleggings- og tilretteleggingsprosjekt i beiteområde kan søkje.

Andre på visse vilkår.

Søknad om midlar skal gjerast [digitalt i Agros i Altinn](#).

- Søknaden skal innehalde omtale av tiltaket med spesifisert kostnadsoverslag.
- Tiltaket skal visast på kart i høveleg målestokk.
- For bygningsprosjekt skal det fylgje med målsette teikningar. Det skal fylgje med foto av tiltaket/området, før iverksetting.
- For tiltak i beiteområde i Naustdal/Gjengedal landskapsvernområde (LVO), må løyve frå verneområdestyre leggst ved.

Utover dette er det til ei kvar tid dei gjeldande forskrifter som definerer kven som kan søkje på ordningane.

3.3 Kva kan det søkjast på

- Planlegging- og tilretteleggingstiltak.
Det kan løyvast eingongstilskot med inntil 40070 % av godkjent kostnadsoverslag ved planlegging, organisering og prosjektarbeid i ordninga.
- Tiltak for å stimulere til auka beitebruk i utmark.
- Tiltak som hindrar attgroing.
- Tiltak som forenklar tilsyn ved sanking og sjukdom.
- Tiltak som avgrensar beiteområde som kan vere til fare.

Faste installasjonar som bruer, skiljeanlegg og sperregjerde, samt elektronisk sporingsutstyr vert prioritert.

Lista er ikkje i prioritert rekkefølge og andre tiltak som er nemnt i forskrifta er søkjegode på ordninga. Fellestiltak blir prioritert.

Søknadsfrist: 1. mars.

Tilskotsprosenten kan variere ut frå type tiltak det vert søkt på og totale kostnader på tiltak.

3.4 Satsar

TIB	Tilskotsprosent, inntil
Tiltak i beiteområde, planlegging og prosjektering	70
Tiltak i beiteområde, faste og mobile tiltak	50

For oppsetjing av nye gjerder vert det nytta fastpris for ferdig oppsett gjerde som inkluderer materiell og eige arbeid, sats kr 160/meter.

3.5 Utbetaling

Før sluttutbetaling av løyvd tilskot krev kommunen skriftleg oppmoding om utbetaling av tilskotet.

Det skal leggst ved rekneskapsoversyn over medgått timetal, forbruk av materialar og fotodokumentasjon av ferdig tiltak.

3.6 Tilskotsbehov i perioden

Midlane har i hovudsak gått til elektronisk sporingsutstyr og litt til sperregjerde. Råma har gått ned og det er urovekkjande med tanke på at det er stor trong for å utnytte utmarksressursane betre.

Minimumsråma til kvar kommune bør vere på kr 200 000,- på denne ordninga.

4 Nærings- og miljøtiltak i skogbruket (NMSK)

4.1 Bakgrunn

Føremålet med tilskot til skogbruk er å sikre langsiktig og auka verdiskaping i skogbruket, samtidig som miljøverdiar knytt til biologisk mangfald, landskap, friluftsliv og kulturminne i skogen vert ivaretekne og vidareutvikla. Det faglege og administrative handlingsrommet er fastsett i [Forskrift om tilskudd til nærings- og miljøtiltak i skogbruket](#) (FOR-2004-02-04-447). Verkeområdet i strategien er i hovudsak alle skogeigedomar med meir enn 10 daa produktiv skog.

Det har vore stor aktivitet i skogbruket i kommunen dei siste åra med mykje hogstmogen skog og stadig aukande tømmerprisar. Det gjer at det er stor trong for midlar til bygging av skogsvegar og midlar til planting etter hogst. Sjølv om aktiviteten har auka, har ikkje dei sentrale tilskota til skogbruksaktivitet gjort det same. Dette medfører at det må prioriterast strengt mellom kva tiltak som skal få tilskot.

Samstundes har tømmerprisane stege mykje slik at skogeigar i større grad har rom for å investere i skogbruksretta tiltak. [Skogfondet](#) er også ei ordning som kan nyttast mykje betre enn kva som historisk har vore gjort av skogeigarane i kommunen, slik at dette kan kompensere for lågare tilskot.

4.2 Kven kan søkje og korleis

Skogeigar søkjer om tilskot på papirskjema LDIR-909_N eller digitalt via www.skogfond.no.

- Skjema/digital søknad skal vere utfylt med rett tiltak og kostnad og elles opplysningar som tilhøyrar tiltaket.
- Tiltaket skal teiknast inn på kart som skal leggjast ved søknaden.
- Kopi av fakturaer på plantekjøp og/eller utført arbeid skal også leggjast ved.
- Ved søknad om tilskot til ungsogpleie skal det leverast timeliste for eige arbeid.

For tilskot til veg og taubane skal søknad om tilskot sendast inn på førehand, sjå meir under ordningane.

Søknader vert ikkje handsama utan at alle vedlegg følgjer med søknaden.

Søknadsfrist: Fortløpande. Siste frist for søknad om skogkulturtiltak er 1. november.

4.3 Kva kan det søkjast på

4.3.1 Skogkultur

Skogbrukslova pålegg skogeigar å sørgje for tilfredsstillande forynging etter hogst, og sjå til at det er samanheng mellom hogstform og metode for forynging. Naudsynte tiltak for å leggje til rette for forynging skal setjast i gang innan tre år etter at hogsten er gjennomført.

Det er anbefalt å plante same treslag som har stått på plassen før hogst om forholda er eigna for det. Der bartre utgjer meir enn halvparten av volumet i bestandet før hogst, kan skifte av treslag frå bar til lauv berre skje etter godkjenning frå kommunen.

§ 7 i Forskrift om berekraftig skogbruk seier noko om korleis det skal plantast.

Gran- og/eller lauvdominert skog				Furudominert skog		
	G26–G20	G17–G14	G11–G6	F20–F17	F14–F11	F8–F6
Tilrådd plantetal pr. dekar	300–180	230–130	140–60	340–190	240–120	130–80
Minste lovlege plantetal pr. dekar	150	100	50	150	100	50

Suppleringsplanting er eit viktig tiltak for å få opp tilfredsstillande skog og oppretthalde kravet i skogbrukslova om det er stor avgang i plantefeltet. Det kommunale tilskotet vert kombinert med statleg tilskot dei åra dette eksisterer.

Ungskogpleie er ei naudsynt investering for å auke tilvekst, kvalitet og ikkje minst stormstabilitet i skogen ved å fjerne konkurrerande vekstar og skape meir lys og plass til produksjonstrea. Dette er eit viktig tiltak for å skape ein klimatilpassa skog på Vestlandet..

Tilskot til planting, suppleringsplanting og ungsogpleie har høgast prioritert. Andre tiltak knytt til skogkultur vil verte prioritert om det er tilgjengelege midlar ved slutten av året.

4.3.1.1 Tilskotssatsar

Skogkultur	Tilskotsprosent, inntil
Planting	30
Replanting (der minst 80 % av plantene har gått ut grunna naturlege årsakar som billeangrep, sjukdom, tørke eller anna).	70
Suppleringsplanting	70
Påskoging (tilplanting av gran på nytt eigna areal)	50
Ungskogpleie (dokumentert kostnader)	50
Andre tiltak – vert individuelt vurdert.	30

Sats for eigenplanting er 4 kr/plante.

For ungskogpleietiltak der kostnaden vert høgare enn 1000/daa, kan kommunen vurdere om høgare pris kan godkjennast.

For bruk av M60-planter, vert det løyvd inntil 40 % tilskot.

4.3.1.2 Statlege tilskot

- Tilskot for tettare planting:
Statleg tilskot til tettare planting (TTP) på inntil 50 plantar/daa. Det er krav om at plantetalet tilfredsstiller det fastsette minimumstalet per daa.
- Suppleringsplanting:
Statleg tilskot til suppleringsplanting med variabel prosentsats med tak på supplerings på 75 plantar/daa. Det er eit krav om at plantetalet tilfredsstiller det fastsette minimumstalet per daa.

Bonitet	Min. planter per/daa etter supplerings	Plantetal som utløyser tilskot for TTP
26	220	220 - 270
23	220	220 – 270
20	200	200 – 250
17	180	180 – 230
14	160	160 – 210
11	130	130 - 180

Inntening og nivå for statleg tilskot til tettare planting ved nyplanting og suppleringsplanting kan variere frå år til år.

Kommunen sørgjer for at skogeigar får søkt om statlege tilskot i same prosess som kommunalt tilskot der søknaden oppfyller krava.

4.3.2 Skogsveg

Det kan gjevast tilskot til nybygging eller ombygging av skogsvegar. Vegen skal ha godkjend løyve etter landbruksvegforskrifta eller plan- og bygningslova. Vegen skal ha ein standard som er tilfredsstillande for den aktuelle bruken og byggast i samsvar med normalane for

landbruksvegar. Utgangspunktet for tilskotet til skogsvegar, er å få løyst ut hogstmogen skog og sikre at desse areala vert nytta vidare til produksjon av tømmer.

Tilskotsprosenten til det einskilde veganlegg vil avhenge av lønsemd og tømmermengde i prosjekta. Skogfond er ei viktig finansieringskjelde ved bygging av skogsvegar og skal nyttast optimalt i vegprosjekt der det vert gjeve tilskot.

Kommunen prioriterer følgjande skogsvegar for tilskot:

- Vegar (nybygging eller ombygging) i samband med vindfallhogst.
- Større felles tilkomst-/hovudveganlegg i bilvegklasse med mykje hogstmoden skog og store produktive skogareal og vegar bygde som sams tiltak etter jordskiftelova.
- Andre anlegg i tråd med hovudplan for skogsvegar.
- Bilvegar vert prioritert framfor traktorvegar.

Kommunen kan prioritere tilskot til traktorvegar i vkl. 7 om det er aktuelt med vkl. 5 eller offentleg tilkomstveg ikkje held vogntogstandard og det ikkje er råd å skrive opp denne.

4.3.2.1 Tilskotssatsar

Vegar	Tilskotsprosent, inntil
Bilvegar/tilkomstvegar	30 – 50
Sekundærvegar/traktorvegar	20 – 40
Påslag der det er nytta off. godkjend vegplanleggar*	
Detaljplanlegging	4
Utarbeiding av anbod	3
Oppfølging av anlegget under bygging	3

* Kostnader til dette skal dokumenterast.

Dersom planen for eit veganlegg må endrast av omsyn til naturmiljø og friluftsliv, skal eventuelle meirkostnader som skuldast dette gå inn i tilskotsgrunnlaget og det kan kompensera med ein noko høgare tilskotssats.

4.3.2.2 Innsending av søknad om tilskot

- Byggjeløyve skal vere gjeve eller sendast inn samstundes.
- Det skal søkjast på søknadsskjema LDIR-903_N.
- Søknad om tilskot skal vere underskriven av alle grunneigarar med fordeling av veganlegget på den einskilde interessent.
- Det skal ligge ved ein byggeplan for tiltaket. Sjå søknadsskjemaet for tilskot for å sjå kva denne skal innehalde.
- Løyve til avkøyring til offentleg veg skal ligge ved der dette er aktuelt.
- Kostnadene skal vere kjend og førast opp på søknaden. Skal kostnadar for hogst av vegtrasè reknast inn i tilskotsgrunnlag, må det dokumenterast at kostnaden er større enn inntekta på hogsten.

Det vil verte sett vilkår om min. 20 års vedlikehaldsplikt for skogsvegane ved løyving av tilskot. Kommunen kan vidare setje ytterlegare vilkår der det er naudsynt.

Søknader som ikkje får tildelt tilskot på grunn av manglande midlar får avslag og må søkje på nytt for påfølgjande år.

4.3.3 Taubane

Statsforvaltaren fordeler taubanetilskot til kommunane etter kvart som behovet oppstår.

Tilskot til drift i vanskeleg terreng vert gjeve:

- Til drift i hogstmogen skog.
- Der drifta er i tråd med PEFC-standarden.
- I område der det er gjort registrering av miljøkvalitetar (MiS).
- Der taubanedrifta ikkje motverkar eit rasjonelt vegnett innan eit naturleg avgrensa driftsområde.
- Til område som skal nyttast vidare til skogproduksjon.

Berekning av tilskot skjer etter nasjonal modell for tildeling av taubanetilskot med følgjande formel:

$$f(x) = -0,6 \times \text{rotnetto} + 250 \text{ eller tilskot per m}^3 = -0,6 \times (\text{tømmerverdi-driftskostnad}) + 250^1$$

Alle taubanedrifter får min 60 kr/m³. Maksimalt tilskot er kr 300/m³.

Arbeidsfristen for tilskot til taubane er 6 månader.

Satsen er rettleiande og kommunen kan fastsetje endeleg tilskotssats.

Nedre alderskrav, total alder på gjennomsnittstreet (hushaldsalder) for å få taubanetilskot:

Bonitet H40	26	23	20	17	14	11
Nedre aldersgrense	55	60	70	80	90	100

4.3.3.1 Innsending av søknad om tilskot

- Søknad om tilskot skal nytte søknadsskjemaet LDIR-916_N eller digitalt via www.skogfond.no.
- Alder på bestandet skal dokumenterast ved t.d. kopi av skogbruksplandata, borrhprøve eller tal årringar. Det skal takast prøver i ulike deler av hogstfeltet ved borrhprøve.
- Detaljkart 1:5000 som viser hogstområdet, miljøregistreringar og alle skogsvegar (bil- og traktorvegar), eventuelt kart direkte ført inn i ØKS.
- Det skal oppgjevast kva området skal nyttast til etterpå (til dømes om det skal foryngast, omgjerast til beite eller andre formål).

Kommunen kan setje vilkår for tilskotet.

¹ Satsar for 2026.

4.3.4 Miljøtilskot

Skogeigar skal ta i vare natur og miljø i samband med tiltak i skog og det vert gjeve tilskot til tiltak som tek i vare og vidareutviklar miljøverdiar knytt til biologisk mangfald, landskap, friluftsliv og kulturminne i skog.

Det vert gjeve statleg tilskot til:

- Skjøtselstiltak – inntil 70 %
- Langsiktig bevaring – inntil 30 %
- Ta vare på område utan tekniske inngrep – inntil 70 % .

Kommunen kan utover dette tildele midlar frå eiga NMSK-råme.

Det skal søkjast fortløpande på ordninga.

4.4 Utbetaling

- Skogeigar får utbetalt skogfond og ev. tilskot etter innsending av søknad med tilhøyrande dokumentasjon.
- Tilskot til skogveg kan betalast ut fortløpande på bakgrunn av innsendte rekneskapssamandrag med tilhøyrande dokumentasjon.
- Tilskot til taubane vert betalt ut på bakgrunn av innsendt utbetalingsoppmoding og innsendt virkesrapport frå drifta.

4.5 Skogfond

Skogfondsordninga er ein viktig finansieringskjelde for blant anna skogkultur og andre investeringstiltak i skogen. Ordninga med skattefordel er særskild lønsam for skogeigaren og bør nyttast i større grad.

I samband med planlegging av hogst vil det vere særskild viktig å avsette tilstrekkeleg med skogfond. Lågaste sats (4 %) er ikkje tilstrekkeleg til å finansiere framtidig skogkulturbehov – planting, suppleringsplanting og skogkultur. For å finansiere eigendelen av forynginga og ungskogpleie må det settast av minimum 15 %. Skogeigar kan sjølv berekne dette i forkant av avtaleinngåing med tømmerkjøpar ved å nytte [skogfondskalkulatoren frå Skogkurs](#).

Når skogeigar har gjennomført alle naudsynte tiltak i skogen og framleis har inneståande midlar på skogfondskonto, kan resterande skogfondsmidlar betalast ut til skogeigar jf. § 13 i Forskrift om skogfond o.a. Utbetalinga vert utan skattefordel.